

Kva er nødvendig for ein disippel?



Les Luk 10, 38-42

Jesus gav sitt liv for oss, han tok alle våre byrder og tilgav oss alle våre synder. Når han har gjort alt dette, er det sjølsagt at me skal gjera alt som Gud seier at me skal gjera. Det skulle berre mangle, vi skylder jo Jesus så uendeleg mykje! Eigentleg så treng me ikkje tenke på om vi skal gjera dette for å få eit betre liv, for å vekse nærare Gud, for å vere ein betre disippel eller for at andre trenger det. Nei, me gjer det rett og slett fordi han som me skylder alt ber oss om å gjera det.

MEN, og det er eit kjempe MEN: Av ein eller annan grunn, som må finnast seg langt inni Guds kjærleik, seier Jesus i vers 42 at dette ikkje er nødvendig. Marta treng ikkje tena Jesus. Jesus seier ikkje at det ikkje er bra, men at alt strev og arbeid som Marta gjer for å gjera Jesus glad, ikkje er nødvendig. Alt strevet og arbeidet til Marta var ikkje galt i seg sjølv, men det var ikkje nødvendig.

Ein disippel på Jesu tid, var ein som gjorde læra til meisteren sin til norm for si eiga tru og liv. MEN (kjempe MEN igjen!), ein disippel si viktigaste oppgåve var å lytta og overta den munnlege bibelforståinga til meisteren sin, bevare denne og etterkvart kanskje og vidareføra denne læra til andre. Det er et slikt disippelskap Jesus snakkar om i Luk 10 (sjå og Joh 8,31, 2. Joh 1,9). Maria sette seg ved Jesu føter for å lytte. Når Jesus seier at «eit er nødvendig», er det nettopp dette. Det einaste som er nødvendig, og som forutsetter alt anna, er å setja seg ved Jesu føter og lytte.

Viss du skal gjera Meisteren si lære til norm for di tru og ditt liv, er det ein fordel å lytte og lære så mykje som mogleg av det som er meisteren din si lære. Viss ein skal byggja eit hus, kan ein ikkje byrja med å slenge saman flotte og dyre materialar, og satse på at det vert eit fint og stødig hus. Nei, ein må fyrst studere teikninga til byggmeisteren nøye. Når ein kjenner teikninga godt, er det mykje lettare å bygga huset. Slik er det og å vera disippel til Gud: Det nytter ikkje å gjera ei mengd med gode gjerningar, og så tru at ein gjer noko som er bra i Guds auge. Nei, ein må setja seg ned ved Jesu føter og lytte til kva som er Meisteren si oppskrift for livet. (Ord 12,15)

Med dette som utgangspunkt vil Gud openberra for deg kva ein disippel skal gjera. Viss du ikkje lyttar til Gud, går du i eigne krefter. Då fylgjer du di eiga teikning på korleis eit godt liv skal vera. Då tener du ikkje Gud, men deg sjølv og din eigen sjølvrettferdigheit, og resultatet vert ikkje godt i Guds auge.

Sett deg ned med Bibelen, les og lytt til kva Gud vil sei deg. Du treng ikkje sei noko sjølv, berre lytte. Eller du kan lytte til ein tale eller songar, på møte eller på radio. Sitt ned og lytt til kva Meisteren har å seia. Det er dette som er nødvendig.



1. Var det noko her som var vanskeleg å tru eller forstå?
2. Kva er nødvendig for å vera ein disippel?
3. Kvifor skal ein gjera det som ikkje er nødvendig?
4. Kva skjer viss ein ikkje tek seg tid til å sitte ved Jesu føter og lytte?



Bønn:

*Ved Jesu føter ei stille stund.
Når orda kjem frå hans eigen
munn,
når eg med Jesus åleine er,
då er det hugnad å leve her.*

*Kvar finst ein fagrare stad på
jord!
Kvar høyrrest visare
sanningsord?
Når eg med Jesus åleine er,
då ynskjer eg ikkje meire her.*

*Her må det tunge og vonde fly,
her vert eg alltid i striden ny,
for eg med Jesus åleine er,
den styrste løyndom får løysing
her.*